



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

## Forslag til nytt inntektssystem for kommunane - høyringsvar

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og gir følgjande fråsegn:

1. Sogn regionråd meiner omsyn til lokalt sjølvstyre og lokal forankring av inntekter er eit avgjerande og grunnleggande prinsipp for vidare finansiering av kommunesektoren. Inntektsordningane må gje kommunar som avstår verdifulle naturressursar til storsamfunnet eit legitimt krav på ein del av den verdiskapinga som skjer.
2. Sogn regionråd meiner at skatte- og avgiftsordningar som i dag vert halde utanfor inntektsutjamninga, til dømes eigedomsskatt, konsesjonsavgifter og konsesjonskraft, også må haldast utanfor i framtida.
3. Sogn regionråd støttar ønskje om å styrke den lokale retten til skattlegging, men meiner forslaget om ny modell for selskapsskatt også må omfatte auka verksemd innan naturressursbaserte næringar. Dette kan gjerast ved å verdisikre naturressursskatten, som har stått uendra på 1,1 øre/kWh sidan innføringa i 1997.
4. Sogn regionråd meiner også at før ein endrar dagens system bør det føreligge betre kunnskap om samanhengen mellom selskapsskatt og kommunane si tilrettelegging for næringsutvikling.
5. Sogn regionråd meiner utforminga av nytt inntektssystem må gjerast nøytralt utan direkte tilknytning til kommunereforma og debatten om kommunesamanslåingar.
6. Regjeringa ønskjer å skilje mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulempar gjennom å bruke eit strukturkriterium for å fastsette basistilskotet. I samband med kommunereforma var ekspertutvalet si tilråding at kommunane burde ha minimum 10 – 15 000 innbyggjarar, m.a. ut frå ei vurdering av at smådriftsulempene mykje er fjerne ved dette innbyggjartalet. Kommunar som ikkje har smådriftsulempar i dag, men har færre enn 20 000 innbyggjarar, vil tape på det nye kriteriet. Det er uheldig.
7. Sogn regionråd meiner også at innføring av strukturkriteriet ikkje samsvarer med andre nasjonale politikkområde, m.a. klimaområdet. Kommunane vert oppmoda gjennom nasjonale retningslinje for samordna areal- og transportplanlegging og sikre eit utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet og legg til rette for at transportbehovet kan dekkast gjennom kollektive transportmiddel, sykkel og gange. Dette er viktig m.a. for å redusera utsleppa av klimagassar. Dette krev eit konsentrert utbyggingsmønster. Eit konsentrert utbyggingsmønster vil også ha positive verknader i høve nasjonale målsetjingar

om jordvern. Eit konsentrert utbyggingsmønster vil også ha positive verknader i høve kostnadene ved kommunale tenesteyting gjennom m.a. reduserte kostnader i heimetenestene, skyss-kostnader for skuleelevar m.v. og reduserte kostnader til utbygging og drifts av kommunal infrastruktur (veg, vassforsyning, avlaup). Ved innføring av strukturkriteriet vert insentiva for å eit klimavenleg og kostnadseffektivt utbyggingsmønster svekka. Det er uheldig.

8. Regjeringa har også presentert strukturkriteriet som eit verkemiddel i kommunereforma, ved at kommunar som gjer vedtak om å slå seg saman før 1.7.2016 slepp verknaden av strukturkriteriet i 15/20 år. Dei som ikkje gjer slik vedtak må ta kostnaden med frivillig smådriftsulempar. Dette er berre delvis tilfellet ved at ei frivillig kommunesamanslåing krev vedtak om det i alle dei aktuelle kommunane. Dersom ein kommune gjer vedtak om samanslåing, medan andre kommunar som denne kommunen ønskjer å slå seg saman med ikkje gjer tilsvarande vedtak, vil den kommunen som har gjort vedtak om samanslåing måtte ta kostnadene ved dei frivillige smådriftsulempene, sjølv om kommunen har gjort vedtak om samanslåing. Innføring av strukturkriteriet er difor ikkje treffsikkert i høve regjeringa sitt ønske om ei kommunereform som gjev færre kommunar, og der dei kommunane som ikkje tek del i reforma må dekkja dei frivillige smådriftsulempene sjølve. Sogn regionråd meiner utforminga av nytt inntektssystem ikkje bør knytast til spørsmålet om kommunesamanslåingar.

Sogn regionråd vil rå til at strukturkriteriet slik det er presentert i høyringsdokumentet ikkje vert innført.

9. Sogn regionråd er samde i at delkostnadsnøklane for barnehagar vert basert på tal heiltidstilsette og at barnehagegruppa vert utvida til 1-5 åringar. Kilometer kommunal veg bør også innarbeidast i kriteriesettet.
10. Sogn regionråd meiner ei omlegging av inntektssystemet må innrettast med strukturkriterier og kostnadsnøklar som gjer til at distriktsfylket Sogn og Fjordane samla sett kjem ut minst like godt som i dag, dvs. ein må nytte kriterie som synleggjer ekstra kostnader knytt til avstandar, spreidd busetnad, kommunestorleik og distriktpolitiske utfordringar.

Med helsing

Petter Sortland  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*